



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Vaksdal kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Heradshuset
Dato:	18.03.2020
Tid:	15:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Einar Ulla tlf. 971 90 734 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Einar Ulla møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Vegar Sellevold
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Einar Ulla
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utv-als-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 12.02.2020	2019/142	
Politiske saker			
PS 8/20	Plan for forvaltningsrevisjon - Prosessmøte 1	2019/62	
PS 9/20	Plan for eigarskapskontroll - Prosessmøte 1	2019/63	
PS 10/20	Kurs i regi av Deloitte - 2020	2017/71	
PS 11/20	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2019	2020/58	
PS 12/20	Gjennomgang av møteprotokollar 18.03.2020	2019/90	
Referatsaker			
RS 5/20	Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon februar 2020	2019/15	
RS 6/20	Reiserekning - nye rutinar	2020/111	
RS 7/20	Kontrollrapport 2019 - skatteoppkrevjaren for Vaksdal kommune	2018/15	
PS 13/20	Eventuelt	2020/88	

Godkjenningssaker

3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/142-3
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	4/20	18.03.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 12.02.2020

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 12.02.2020 ligg ved saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Vaksdal kommune
Møtestad:	Formanskapsalen, Heradshuset
Dato:	12.02.2020
Tid:	15:00 - 17:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Vegar Sellevold	Leiar	AP
Anne Cristin Eide	Nestleiar	AP
Bjart Magnus Rosvold	Medlem	KRF
Anneli Vatle Lilletvedt	Medlem	H
Odd Jøran Oldervik	Medlem	SV

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Hege Eide Vik	Ordførar
Åse Elin Myking	Assisterande rådmann
Silje Fossdal	Rekneskapsrevisor Deloitte
Einar Ulla	Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune

Vegar Sellevold
utvalsleiar

Einar Kåre Ulla
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	U.Off	Arkiv- saknr
	Godkjenningssaker		
GK 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 04.12.2019		2019/142
	Politiske saker		
PS 1/20	Møteplan kontrollutvalet i Vaksdal kommune 2020		2017/23
PS 2/20	Forvaltningsrevisjon av vertskommunesamarbeid om interkommunal legevakt - rapport		2019/37
PS 3/20	Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - Forslag til prosjektplan		2019/62
PS 4/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Forslag til prosjektplan		2019/63
PS 5/20	Kurs i regi av Deloitte - 2020		2017/71
PS 6/20	Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid 2019		2017/32
PS 7/20	Gjennomgang av møteprotokollar		2019/90
	Referatsaker		
RS 1/20	19/9189 MELDING OM VEDTAK - FORVALTNINGSREVISJON - TILHØVA FOR TILSETTE SOM UTFØRER ARBEID PÅ NYE DALE BARNE- OG UNGDOMSSKULE		2018/74
RS 2/20	FKT - medlemsinformasjon desember 2019		2019/15
RS 3/20	FKT - Invitasjon til fagkonferanse 2020		2019/15
RS 4/20	FKT - kontrollutvalgslederskolen 21. - 22. april 2020		2019/15

Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Møteinnkalling vart sendt ut 04.02.20 via e-post. Innkallinga er også lagt ut på kommunen si heimeside Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 2/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 04.12.2019

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 04.12.2019 er lagt ved saka.

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Det kom ingen merknadar til møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 04.12.19

Vedtak

Møteprotokollen frå møte i kontrollutvalet 04.12.19 vart samrøystes godkjent.

Politiske saker

PS 1/20 Møteplan kontrollutvalet i Vaksdal kommune 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2020:

- 12.02.2020
- 01.04.2020
- 27.05.2020
- 09.09.2020
- 02.12.2019

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Det er teke omsyn til møta i andre politiske organ ved utarbeiding til forslag til møteplan. Det er spesielt teke omsyn til møta i kommunestyret. Utvalet diskuterte seg fram til vedtaket til møteplan. Deloitte kom med innspel om at dei ynskjer litt lenger tid mellom prosessmøta i arbeidet med risikoanalysane i samband med planverket for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Dette kan løysast ved å legge møtet 01.04.20 til midten av mars. Utvalet vart samde om å flytte møtet 01.04.20 til 18.03.19

Vedtaket i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2020:

- 12.02.2020
- 18.03.2020
- 27.05.2020
- 09.09.2020
- 02.12.2019

PS 2/20 Forvaltningsrevisjon av vertskommunesamarbeid om interkommunal legevakt - rapport

Forslag til innstilling

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar og ber rådmannen:

1. Legge fram ei evaluering av om vertskommuneavtalen er tilstrekkeleg med omsyn til mellom anna:
 - a. Samarbeidsutvalet si rolle og struktur for arbeidet i utvalet, under dette mellom anna:
 - i. Kva informasjon og saker som skal leggjast fram i samarbeidsutvalet
 - ii. Kva som er tilfredsstillande møtetidspunkt og møtefrekvens i samarbeidsutvalet
 - iii. Korleis saker skal avgjerast dersom representantane som ikkje møter er samde
 - iv. Referatføring frå møta i utvalet

- b. Formuleringane når det gjeld godkjenning av budsjett (punkt 17.1 - 17.6 i vertskommuneavtalen) ettersom det er ulike tolkningar av dette (sjå revisjonen sine vurderingar i kap. 3.5)
 - c. Korleis lønsutgiftene til legevaktsjef skal fordelast(jf. Revisjonen sine vurderingar i kap. 4.3)
- 2. Følgje opp at det er samsvar mellom økonomisk rapportering og fakturering frå vertskommunen.
- 3. Følgje opp at vertskommunen utarbeider årshjul/rutinar for å sikre at økonomisk rapportering, utarbeiding av budsjett og gjennomføring av møte i samarbeidsutvalet blir gjort i samsvar med avtalen.
- 4. Be om at kvartalsrapportane frå vertskommunen inneheld:
 - a. Tydlegare forklaringar på årsaker til ev. avvik mellom faktiske kostnader og budsjett
 - b. Tiltak for å redusere forbruk ved ev. overskridingar
 - c. Prognosar for kostnadsutvikling
- 5. Gje tilbakemelding til vertskommunen om at det er ønskjeleg at budsjetta for IKL inneheld forklaringar til dei ulike budsjettpostane.
- 6. Kommunestyret ber rådmannen rapportere status på oppfølginga og plan for vidare arbeid til kontrollutvalet innan 20.08.2020

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Revisor orienterte om arbeidet med forvaltningsrevisjonen, og la i sin presentasjon vekt på dei funn som var gjort i undersøkingane og vurderinga av funna opp mot valde revisjonskriteria. Dette resulterte i revisor sin konklusjon og tilrådingar i kapittel 5 i rapporten. Rapporten med høyringssvar frå vertskommunen Voss og Vaksdal kommune er grunnlag for tilrådinga til vedtak i saka.

Endringsframlegg

Kontrollutvalet rår til at det vert utpeikt ein sekretær i samarbeidsutvalet, og at sekretæren ikkje kjem frå vertskommunen (Pkt. 1, a, v)

Forslag til vedtak i tillegg til endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak som sendast som tilråding til kommunestyret

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar og ber rådmannen:

- 7. Legge fram ei evaluering av om vertskommuneavtalen er tilstrekkeleg med omsyn til mellom anna:
 - a. Samarbeidsutvalet si rolle og struktur for arbeidet i utvalet, under dette mellom anna:
 - i. Kva informasjon og saker som skal leggjast fram i samarbeidsutvalet
 - ii. Kva som er tilfredsstillande møtetidspunkt og møtefrekvens i samarbeidsutvalet
 - iii. Korleis saker skal avgjerast dersom representantane som ikkje møter er same
 - iv. Referatføring frå møta i utvalet
 - v. Kontrollutvalet rår til at det vert utpeikt ein sekretær i samarbeidsutvalet, og at sekretæren ikkje kjem frå vertskommunen
 - b. Formuleringane når det gjeld godkjenning av budsjett (punkt 17.1 - 17.6 i vertskommuneavtalen) ettersom det er ulike tolkningar av dette (sjå revisjonen sine vurderingar i kap. 3.5)
 - c. Korleis lønsutgiftene til legevaktsjef skal fordelast(jf. Revisjonen sine vurderingar i kap. 4.3)
- 8. Følgje opp at det er samsvar mellom økonomisk rapportering og fakturering frå vertskommunen.

9. Følgje opp at vertskommunen utarbeider årshjul/rutinar for å sikre at økonomisk rapportering, utarbeiding av budsjett og gjennomføring av møte i samarbeidsutvalet blir gjort i samsvar med avtalen.
10. Be om at kvartalsrapportane frå vertskommunen inneheld:
 - a. Tydlegare forklaringar på årsaker til ev. avvik mellom faktiske kostnader og budsjett
 - b. Tiltak for å redusere forbruk ved ev. overskridingar
 - c. Prognosar for kostnadsutvikling
11. Gje tilbakemelding til vertskommunen om at det er ønskjeleg at budsjetta for IKL inneheld forklaringar til dei ulike budsjettpostane.
12. Kommunestyret ber rådmannen rapportere status på oppfølginga og plan for vidare arbeid til kontrollutvalet innan 20.08.2020

PS 3/20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vaksdal kommune, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.
2. Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 01.04.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 27.05.2020.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggst fram for kommunestyret 22.09.2020.

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Revisor orienterte innleiingsvis om prosjektplanen, og dei prosessane som vert føreslegne gjennomført i arbeidet med å utarbeide ei risiko- og vesentleganalyse, og det vidare arbeidet fram mot plan for forvaltningsrevisjon. Utvalet tok orienteringa til vitande, og med endring av dato for møtet 01.04.20 til 18.03.20 vart prosjektplanen godkjent.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

5. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vaksdal kommune, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.
6. Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
7. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 18.03.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 27.05.2020.
8. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggst fram for kommunestyret 22.09.2020.

PS 4/20 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

9. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vaksdal kommune, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024.
10. Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
11. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 01.04.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 27.05.2020.
12. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2020 - 2024 skal leggst fram for kommunestyret 22.09.2020.

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Revisor orienterte innleiingsvis om prosjektplanen, og dei prosessane som vert føreslegne gjennomført i arbeidet med å utarbeide ei risiko- og vesentleganalyse, og det vidare arbeidet fram mot plan for eigarskapskontroll. Utvalet tok orienteringa til vitande, og med endring av dato for møtet 01.04.20 til 18.03.20 vart prosjektplanen godkjent.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

13. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vaksdal kommune, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024.
14. Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
15. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 18.03.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 27.05.2020.
16. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggst fram for kommunestyret 22.09.2020.

PS 5/20 Kurs i regi av Deloitte - 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs med tema
 1.
 2.
2. Tidspunkt for gjennomføring av kurs:
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Det vart innleiingsvis i behandlinga av saka orientert om kurstilbodet frå Deloitte AS. Utvalet diskuterte så kva som kan vere mest føremålstenlege kurs for utvalet sine medlemmar, og valde ut kurs etter å ha vurdert tilbodet frå Deloitte.

Kontrollutvalet vedtok å utsette saka til neste møte.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

4. Saka vert utsett til neste møte i kontrollutvalet.

PS 6/20 Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid 2019

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet 2019.

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet godkjende årsmeldinga, og vedtok å sende den til kommunestyret med tilråding om at kommunestyret godkjenner meldinga.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling til kommunestyret

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet 2019.

PS 7/20 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Det kom opp spørsmål vedr. utsetting av frist for fjerning av fartøy på Stamnes motorverkstad, som var vedteke i formannskapet 16.12.2019. Utvalet ynskjer ei orientering frå rådmannen i saka. Ut over dette var det ingen saker ein ønskte å ta opp eller be om meir informasjon om på nåverande tidspunkt.

Forslag til vedtak med endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere rådmannen til neste møte for å forklare utsetting av frist for fjerning av fartøy på Stamnes motorverkstad, som var vedteke i formannskapet 16.12.2019

Referatsaker

RS 1/20 19/9189 MELDING OM VEDTAK - FORVALTNINGSREVISJON - TILHØVA FOR TILSETTE SOM UTFØRER ARBEID PÅ NYE DALE BARNE- OG UNGDOMSSKULE

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Vedtaket i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 2/20 FKT - medlemsinformasjon desember 2019

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Vedtaket i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 3/20 FKT - Invitasjon til fagkonferanse 2020

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Vedtaket i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 4/20 FKT - kontrollutvalgslederskolen 21. - 22. april 2020

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Vedtaket i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

Politiske saker

PS 8/20 Plan for forvaltningsrevisjon - Prosessmøte 1



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/62-5
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	8/20	18.03.2020

Plan for forvaltningsrevisjon - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

Samandrag

Føremålet med saka er å gjere greie for neste trinn i kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon for denne perioden.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 55/19, 11.12.2019:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vaksdal kommune, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.
2. Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 18.03.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 27.05.2020.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggast fram for kommunestyret 22.09.2020

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å starte opp og gjennomføra planprosessen, blant anna gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 føreligg, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

I dette møte har Deloitte planlagt å gjennomføra «Prosessmøte 1». I prosjektplanen som vart vedteke i førre møte blir «Prosessmøte 1» omtala slik:

«I det første prosessmøtet vil kontrollutvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

I denne prosessen nyttar vi eit «risikospel» som har ei oversikt over dei ulike tenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker får kontrollutvalsmedlemmane høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde.»

Det er naturleg og praktisk at dette prosessmøte vert gjennomført rett før og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast gjeldande anna sak til dette møte, plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 1, tek risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon så langt til orientering.



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/63-5
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	9/20	18.03.2020

Plan for eigarskapskontroll - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande eigarskapskontroll så langt til orientering.

Samandrag

Føremålet med saka er å gjere greie for neste trinn i kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som skal ligge til grunn for plan for eigarskapskontroll for denne perioden.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 4/20 i møte 12.02.2020:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vaksdal kommune, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024.
2. Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 18.03.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 27.05.2020.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggast fram for kommunestyret 22.09.2020

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å starte opp og gjennomføra planprosessen, blant anna gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 føreligg, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtek plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova § 23-4

Vurderingar og verknader

I dette møte har Deloitte planlagt å gjennomføra «Prosessmøte 1». I prosjektplanen som blei vedteke i førre møte blir «Prosessmøte 1» omtala slik:

«I det første prosessmøtet vil kontrollutvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

I denne prosessen nyttar vi eit «risikospel» som har ei oversikt over dei ulike tenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker får kontrollutvalsmedlemmane høve til til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde.»

Det er naturleg og praktisk at dette prosessmøte vert gjennomført rett etter og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast gjeldande anna sak til dette møte, plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 1, tar risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande eigarskapskontroll så langt til orientering.



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2017/71-22
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	5/20	12.02.2020
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	10/20	18.03.2020

Kurs i regi av Deloitte - 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs med tema
 1.
 2.
2. Tidspunkt for gjennomføring av kurs:
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Saksprotokoll i 12.02.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Det vart innleiingsvis i behandlinga av saka orientert om kurstilbodet frå Deloitte AS. Utvalet diskuterte så kva som kan vere mest føremålstenlege kurs for utvalet sine medlemmar, og valde ut kurs etter å ha vurdert tilbodet frå Deloitte.

Kontrollutvalet vedtok å utsette saka til neste møte.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

4. Saka vert utsett til neste møte i kontrollutvalet.

Samandrag

Dette er ei årleg sak der kontrollutvalet tek stilling til kva kurs dei ynskjer å få gjennomført i regi av Deloitte i høve til avtalen med selskapet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

1 Kurstilbod 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommune har avtale med Deloitte AS som revisor med verknad frå 01.07.2017. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg B kravspesifikasjon punkt 3.3 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdagar per år.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet

Vurderingar og verknader

Det vert no lagt fram sak om kva kurs kontrollutvalet ønskjer å gjennomføra i 2020. Deloitte sitt forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Vaksdal kommune ligg ved saka.

Kontrollutvalet bør drøfte om ein skal spørja om administrasjonen i kommunen ønskjer å nytta noko av kurskvoten. Det normale til no har vore å ha to slike kurs, kvar av dei med ein varighet på 2 timar og dei har vore halde i samband med eit kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre i 2020. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.



Kva kurs kan Deloitte tilby til kontrollutvala?

	Tema	Stikkord	
1	Innføring i kommunerekneskap	<ul style="list-style-type: none"> - Grunnleggande innføring 	
2	Offentlege innkjøp	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er hovudprinsippa i regelverket? 	
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Innføring i kompensasjonsordninga - Praktiske eksemplar 	
4	Justeringsplikt og -rett	<ul style="list-style-type: none"> - MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg 	
5	Habilitet	<ul style="list-style-type: none"> - Kurset vil gi ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis desse vurderingane kan gjerast og korleis (fylkes-) kommunen kan etablere gode rutinar for å sikre at tilsette ikkje handsamar saker kor dei er inhabile 	
6	Kommunelova (eller utvalde deler av den lova) og tilhøyrande forskrifter	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er dei viktigaste delane av lova som gjeld for arbeidet til kontrollutvalet? - Her kan vi sjå nærare på utvalde delar 	
7	GDPR	<ul style="list-style-type: none"> - Skjerpa krav til informasjonstryggleik 	
8	Arkivering, journalføring og offentlegheit		
9	Utvalde tema knytt til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er forvaltningsrevisjon og/eller selskapskontroll? - Korleis gjere ei god bestilling? - Korleis følgje opp ein gjennomført revisjon? 	
10	Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> - Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning - Kva roller har kommunen sin eigarrepresentant, valte styremedlemmar mv. 	

	Tema	Stikkord	
11	Avstemming av rekneskapen	<ul style="list-style-type: none"> - Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast? - Kva avstemmingar skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området? 	
12	Internkontroll <ul style="list-style-type: none"> - Økonomi eller - Overordna (knytt til ny paragraf i kommunelov) 		
13	Innberetning av lønn	<ul style="list-style-type: none"> - Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige? 	
14	Investeringsrekneskap	<ul style="list-style-type: none"> - Krav til investeringsrekneskap - Skilje mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapen? 	
15	Andre rekneskapsmessige problemstillingar	<ul style="list-style-type: none"> - Tilpasse den enkelte kommune 	
16	Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova 	
17	Roller og oppgåver i den kommunale eigenkontrollen <ul style="list-style-type: none"> - Ei innføring 	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er kontrollutvalet sin rolle og oppgaver - Korleis kan kontrollutvalet ivareta sine kontrolloppgåver 	

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, its member firms, or their related entities (collectively, the "Deloitte Network") is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser. No entity in the Deloitte Network shall be responsible for any loss whatsoever sustained by any person who relies on this communication.



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2020/58-1
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	11/20	18.03.2020

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2019

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek risiko- og vesentlegvurdering av økonomiforvaltninga i kommunen for 2019 frå Deloitte AS til orientering
2. Kontrollutvalet ber om å få ein skriftleg uttale, gjerne som ein del av revisjonsrapporten for 2019, tilsendt innan

Samandrag

Etter den nye kommunelova, som no gjeld i sin heilskap, har rekneskapsrevisor fått ansvar for å sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning går føre seg i samsvar med reglar og vedtak, og rapportere om dette til kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Lovgjevar har i den nye kommunelova formalisert forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga i kommunen. Det er rekneskapsrevisor som skal gjennomføre denne kontrollen, og den skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse når det gjeld risiko- og vesentlegvurderinga jf. Kommuneleva § 24-9.

Vurderingar og verknader

Rekneskapsrevisor skal sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak går føre seg i samsvar med reglar og vedtak.

Revisor skal innan 30. juni levere ein uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av denne kontrollen.

Det står i lovteksten at revisor skal basere oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering, og at denne skal leggast fram for kontrollutvalet. Revisor skal innhente tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det ligg føre brot på lover, forskrifter eller vedtak, der brotet er vesentleg i forhold til økonomiforvaltninga.

Årsrekneskapen for 2019

Risiko- og vesentlegvurderinga for rekneskapsåret 2019 vert lagt fram i møtet i kontrollutvalet, og utvalet har høve til å kome med innspel til analysen, som er grunnlag for den endelege skriftlege uttalen. Denne bør leggast fram for kontrollutvalet i mai-møtet 2020, gjerne som ein del av revisjonsrapporten for 2019.

Årsrekneskapen for 2020

Slik sekretariatet ser det vil det vera naturleg at risikovurderinga for rekneskapsåret 2020 vert lagt fram saman med/som ein del av revisjonsplanen for 2020 i møte i september i år.

Vidare ser sekretariatet det slik at det vil vera føremålstenleg at den skriftlege uttalen for rekneskapsåret 2020 vert lagt fram saman/som ein del av revisjonsrapporten som vert lagt fram i mai-møtet neste år.

Konklusjon

Kontrollutvalet ber revisor om å utarbeide ein skriftleg uttale basert på risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si økonomiforvaltning med dei innspel som kontrollutvalet har kome med i møtet. Uttalen kan gjerne vera ein del av revisjonsrapporten for 2019.



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/90-5
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	12/20	18.03.2020

Gjennomgang av møteprotokollar 18.03.2020

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjere ei vurdering av saker i møteprotokollane frå andre politiske utval i Vaksdal kommune.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Vaksdal kommune har hatt tradisjon for å gjennomgå møteprotokollane frå dei andre politiske utvala, noko det nye utvalet og slutta seg til i desember 2019.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jf. Kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjere ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Vaksdal kommune. Møteprotokollane kan lastast ned frå heimesida til kommunen. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Dette er ein av fleire måtar å gjere seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen på, og kunne fange opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vere eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

I møte i kontrollutvalet 04.12.2019 blei det gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Anne Christin Eide
Formannskapet	Odd Jøran Oldervik og Anneli Vatie Lilletvedt
Levekårsutvalet	Bjart Magnus Rosvold
Bygdeutviklingsutvalet	Vegar Sellevold

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som er aktuell for gjennomgang:

- Kommunestyret 25.02.20
- Formannskapet
- Levekårsutvalet 03.03.20
- Bugdeutviklingsutvalet 03.03.20

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane, vert det tilrådd at utvalet tek møteprotokollane som går fram av saksframstillinga over til orientering.

Referat sak

RS 5/20 Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon februar 2020

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt@fkt.no)

Sendt: 28.02.2020 09:11:57

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn

Kopi:

Emne: Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon februar 2020

Vedlegg:



Til FKTs medlemmer

Nye medlemmer

FKT hadde 206 medlemmer pr 31.12. 2019, men over natten reduserte kommunereformen medlemstallet til 156. Derfor er det spesielt hyggelig å ønske «velkommen tilbake» til de nye kommunene som har meldt seg inn igjen: Moss, Stad, Kinn, Sunnfjord, Namsos, Bjørnafjorden, Orkland, Molde, samt fylkeskommunene Troms og Finnmark, Vestfold og Telemark og Vestland. Vi har også fått et helt nytt medlem: Kontrollutvalgets sekretariat Trondheim kommune.

Vi satser på å fortsette rekrutteringen utover våren.

Bruk hjemmesiden vår! www.fkt.no Her kan du nå blant annet lese Kommunal- og moderniseringsdepartementets tolkning av regelverket som gjelder for valg av varamedlemmer til kontrollutvalget. Følg oss også på [twitter](#) og [facebook](#)

De av dere som ønsker [tilgang til medlemssidene](#) kan sende en e-post til fkt@fkt.no for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmedlemmer.

Send oss gjerne en e-post hvis du har noen gode tips eller hvis det er noe du lurer på.

Vårens kurs og konferansetilbud



Ikke glem å melde deg på [Fagkonferansen 2020](#) – Gardermoen 3.-4. juni, Quality Airport Hotel Gardermoen. Du kan melde deg på [her](#).

Vi håper på stor oppslutning! Du kan lese alt om konferansen på våre hjemmesider.

Vi minner også om [sekretariatskonferansen 2020](#) | Scandic Lillestrøm 24.-25.mars. Det er fortsatt plasser ledig. Du kan melde deg på [her](#)

I år starter vi opp den helt nye [kontrollutvalgslederskolen](#) | 21.-22. april. Det har vært stor pågang, og til glede for FKT ble kurset fullbooket før påmeldingsfristen.

Vi vil vurdere å arrangere nytt kurs til høsten hvis det er interesse for det.

Veiledere for kontrollutvalg og sekretariat

FKT har utarbeidet flere veiledere til hjelp for kontrollutvalg og sekretariat i det daglige virke. Du finner alt om det [her](#), blant annet *veileder om kontrollutvalgets påse-ansvar overfor regnskapsrevisor og veileder*

for samhandlingen mellom kontrollutvalg og sekretariat.

Vi har også en arbeidsgruppe i gang som skal utarbeide en mal for innhold og format på kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen.

I 2019 fikk FKT tildelt et oppdrag fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å utarbeide en veileder for samordning mellom statlig tilsyn og kommunal egenkontroll. Departementet vil utgi veilederen i løpet av våren sammen med en ny utgave av Kontrollutvalgsboken.

Styret



Protokollen fra styremøte 28.januar er lagt ut på [medlemssiden](#) (krever pålogging).

I oktober i fjor startet styret arbeidet med å oppdatere FKT forretningsplan. Dette arbeidet fortsetter utover våren. Målet er å få til aktiviteter som skaper blest om verdien av egenkontroll, og derigjennom om verdien og betydningen av FKT.

Styret er også godt i gang med å planlegge årsmøtet 2020. Du kan lese mer om det [her](#)

For fjerde år på rad vil FKT v/styret være tilstede under [Arendalsuka](#) - «Norges største politiske møteplass».

2019 var første året FKT hadde et eget arrangement. Nå er styret godt i gang med å planlegge årets arrangement. Mer informasjon om tema og deltakere kommer i neste nyhetsbrev.

Lykke til med det viktige arbeidet i kontrollutvalget!

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post: fkt@fkt.no | Tlf.: 41471166

| www.fkt.no | www.twitter.com/@FKT_no | www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat



Datoen vår
17.02.2020

Datoen dykkar

Sakshandsamar
Bjarne Holtan Møller

800 80 000
Skatteetaten.no

Referansen dykkar

Telefon
47040591

Org.nr
974761076

Referansen vår
2019/6817128

Postadresse
Postboks 9200 Grønland
0134 OSLO

Kommunestyret i Vaksdal kommune
post@vaksdal.kommune.no

Kontrollrapport 2019 vedkomande skatteoppkrevjaren for Vaksdal kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevere" av 8. april 2014.

Skatteetaten har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at Skatteetaten:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best moglege resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for Skatteetaten sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 16. mai 2018.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapporteringa og avlegginga av årsrapporten og årsrekneskapen er i samsvar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane er i samsvar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen er i samsvar med gjeldande regelverk

2. Om skatteoppkrevjaren

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Antall årsverk 2019	Antall årsverk 2018	Antall årsverk 2017
0,4	0,6	0,6



3. Måloppnåing

Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 23. januar 2020. Skatteetaten har motteke dette innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Vaksdal kommune viser per 31. desember 2019 ein endeleg skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) og vidareending plassering mellom kommunar på kr 368 710 705 og uteståande restansar² på kr 13 561 268.

Innkrevjingsresultata

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2019 for Vaksdal kommune.

	Resultatkrav 2019 (i %)	Innbetalt av sum krav 2019 (i %)	Innbetalt av sum krav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav samlet for hele landet 2019 (i %)
Restskatt personlige skattytere 2017	95,30 %	94,65 %	94,57 %	96,26 %
Forskuddstrekk 2018	99,90 %	99,45 %	99,62 %	99,95 %
Forskuddsskatt personlige skattytere 2018	99,00 %	97,52 %	95,69 %	99,40 %
Forskuddsskatt upersonlige skattytere 2018	99,80 %	98,78 %	98,86 %	99,91 %
Restskatt upersonlige skattytere 2017	99,00 %	99,97 %	96,12 %	98,97 %
Arbeidsgiveravgift 2018	99,80 %	99,27 %	99,39 %	99,84 %

4. Skatteetatens kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjarane vert utført i samsvar med ein årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Alle område vil derfor nødvendigvis ikkje bli kontrollert kvart år.

Skatteetaten har for 2019 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for området skatterekneskap.

Det er ikkje gjennomført stadleg kontroll i 2019.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalte debetkrav



Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll

Basert på dei kontrollane som Skatteetaten har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen

Basert på dei kontrollane som Skatteetaten har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegging av årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

Arbeidsgjevarkontroll

Ein nærare kommentar av Skatteetaten sin kontroll og oppfølging av arbeidsgjevarkontrollen går fram av vedlegget til denne kontrollrapporten.

5. Skatteetatens oppfølging av skatteoppkrevjaren

Det er gjennomført styringssamtale den 30.oktober 2019 med skatteoppkrevjar. Tema i samtalen var resultatoppnåing, faglege tilbakemeldingar på arbeidet med internkontroll, innkrevjing og skatterekneskap, prioriterte område i styringsbrevet, samlingar og kurs, samt informasjon frå skatteoppkrevjar om ressurs situasjonen, kompetanse og endringar på kontoret.

Dette er siste året kommunestyret vil få denne kontrollrapporten for skatteoppkrevjinga i kommunen. Stortinget vedtok 13. desember 2019 at skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

Fram til 1. juni 2020 er det kommunane som har ansvaret for skatteoppkrevjinga. Kommunar som får ressursutfordringar på skatteoppkrevjingsområdet fram til overføringa 1. juni 2020, må søke støtte hos andre kommunar, og aktuelle kommunar bør ha ein beredskapsplan for dette. Tilstreккеleg kompetanse og ressursar i skatteoppkrevjarfunksjonen er eit avgjerande bidrag for å løyse samfunnsoppdraget; å sikre eit finansielt hovudgrunnlag for offentleg verksemd.

Med helsing

Elisabeth Gylder Vingereid

underdirektør

Innkreving, oppfølging skatteoppkrevjere

Skatteetaten

Else-Gunn Polland Halvorsen



For ettertida kan spørsmål til Skatteetaten om oppfølging av skatteoppkrevjarane rettast til:

- oppfolging-skatteoppkrever@skatteetaten.no for skatterekneskaps- og innkrevjingsområdet
- SKOstyringAGK@skatteetaten.no for arbeidsgjevarkontrollområdet

Kopi til: Skatteoppkrevjaren for Vaksdal kommune
Kontrollutvalet for Vaksdal kommune
Rådmann/administrasjonssjef for Vaksdal kommune
Riksrevisjonen

Vedlegg: Resultat og styringsinformasjon vedkomande arbeidsgjevarkontrollen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar.

Politiske saker

PS 13/20 Eventuelt



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2020/88-1
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	13/20	18.03.2020

Eventuelt

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Vaksdal kommune ønskjer å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv ta opp saker eller gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet vil foreslå å ha dette som fast sak i kvart møte. Dette føl av kommunelova § 11-3 siste avsnitt som seier:

«Et folkevalgt organ kan fatte vedtak i en sak som ikke er oppført på sakslisten, hvis ikke møtelederen eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg det. På tilsvarende måte kan organet fatte vedtak i en sak der saksdokumentene ikke er sendt ut sammen med innkallingen, hvis ikke møtelederen eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg det.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne sak, jf. Kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at «eventuelt» vert sett på saklista til kvart møte.